Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6.

Fylke: Nord-Tröndelag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Grong

Emne: Folkelige musikinstrument.

Bygdelag: Namdalen

Oppskr. av: Martin Bjerkan

Gard: Bjerkan

(adresse): Ogsheim

G.nr. 2. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Vanlig fele er det einaste musikinstrument ein veit um som vart brukt her i bygda i gamal tid. Nokkon felemakar var her ikkje og instrumenta vart kjøpt utanfrå og kanskje mest frå Trondheim. Det fyrste felespellet var solospell men sidan vart det triospell av fela, bratsch og cello. Dette vart sidan utlagt til kvartett med 2 almindelige feler ein bratsch og ein cello. Ein slik trio eller kvartett spelte når det var almindelige dansingar bryllopp eller barsøl. Hardingfela vart aldrig brukt her og harpe, langleik eller hummel er heilt ukjendt her. Almindelig salmodikon brukte skulemeistran når dei skulde lera borni å syngja. Munnharpe har eg höjrd nemnt men dette var vist ikkje nokko lokalinstrument. Lur har eg aldrig höjrd umtala som nokko instrument utanum at gjetarar kunde snarra ihop nokkot liknande av aldubork men nokkon musikk frå ein slik lur vart det aldrig.

Det einaste instrumentet som ein

kunde få fram nokre tonar på var
lukkehornet. På lukkehornet la ein i
tunga av einerkre yver åpninga so når ein
sette enden av hornet inn i munnen og
bles kom der fram ein monoton tone.
For å variera tonen nokko var der ein
4 a 5 hol på ovsida av hornet og eit par
hol på unnersida og med eit bestemt
fingersett kunde ein få fram eit slags
melodi. I fjellet brukte gjetarane ofte
eit slikt instrument og dei kunde höyrast
lang veg og tonarne frå lukkehornet höyr-
de liksom fjellet til.

Byinstrumenta som spinett og klaver
höyrer ei nyare tid til og dei vart fyrst
brukt på embetsgardane. og vart spela av
embetsfamiliane. Sidan er fleire moderne
musikinstrumenter komne inn i heim-
ane og der har vore ihopsett orkestre av
bygdamusikera med både strenge og blåse-
instrumenter. Bygda har hatt fleire
meisterspillemenn på alminnelig fele og
den eldste dansmusikken er mykje godt
Namdalsmusikk av lokal komposisjon.
Etter at blåseinstrumenter vart förd
inn i bygda kom der mykje musik
utanifrå og den nyare dansmusikken er
mykje godt Strausmusikk og annan utan-
landsk musik. Men ingen musikk målar
sig med den gamle Namdalsmusikk i
venleik.

Elles har vi vore fattige på
orginal nasjonalmusik i den eldre tid.